
Fra: Tor Hegle
Sendt: 12. mai 2015 08:49
Til: 'Vidar Mjøs'
Kopi: Arnold Matre; Christian H. Reinshol; gunnar.syslak@gmail.com
Emne: SV: Veråsvegen 131, gnr 108 bnr. 25 mfl. Sak 15/1605.

Hei.

Eg takkar for ny førespurnad.

Eg er ikkje kjent med at kommunen som grunneigar har planar om å utvikle sin eigedom på denne staden, no.

Det ligg ikkje føre planar frå vegavdelinga om tiltak, eller framlegg om arealplanar her. Dette området er ikkje tatt inn i kommunens noverande planstrategi.

Vi har ikkje mottatt oppstartmelding om privat reguleringsplan for Veråsvegen.

Etter føresegnene i gjeldande kommuneplan (Arealplanid: 1263-200815) pkt.1.1, er det plankrav på alle byggeområde. Som du muleg er kjent med frå tidlegare, kan du finne planen (og føresegnene) på <http://braplan.geoweb.no/braplan/>.

Ut over dette viser eg til telefonsamtale med tiltakshavar på eigedomen, i går 11.05.2015. Tiltakshavar vart i samtalen informert om vårt svar til deg.

Tiltakshavar opplyste om at han som alternativ til å regulere eigedomane, vil vurdere sal av eigedomane slik dei er i dag.



Med helsing
Tor Hegle, Avdelingsleiar Byggesak, Lindås kommune.

Vurdér verknaden for miljøet før utskrift. Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet. E-post jobb: postmottak@lindas.kommune.no. Postadresse: Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø. Møteadresse: Lindås Rådhus, Kvernhusmyrane 41. Tel. + 47 56375642. Mob.: + 47 95968182.

Fra: Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]
Sendt: 11. mai 2015 16:48
Til: Tor Hegle
Kopi: Arnold Matre; Christian H. Reinshol; gunnar.syslak@gmail.com
Emne: SV: Veråsvegen 131, gnr 108 bnr. 25 mfl. Sak 15/1605.

Eg takkar for svar.

Meldinga mi av 21. april 2015 var adressert til Lindås kommune, som har fleire roller å spela, i dette tilfelle også ei grunneigarrolle som nabo i nord og som vegeigar og mogleg samarbeidspartnar i eit eventuell plansak og eventuell medinteressent når det gjeld utbetring av krysset mellom Veråsvegen og Gamle Prestavegen. Har saka vore drøfta med kommunens eigedomsavdeling og vegavdeling ?

Kan me få presisert kommuneplanen på det punktet som gjev heimel for å hevda at «....vidare byggeutvikling av dei aktuelle eigedomane bunden av eit plankrav» ?

Kommunen skriv vidare at «...den beste løysinga for vegstyresmaktene vil vere å løyse utviklinga på staden gjennom ein eigen reguleringsplan.» Kan det seiast noko meir om kva dette betyr i praksis ? Er det tale om ei pågåande regulerings sak for Veråsvegen ?

Utsnitt av kart med markering av 100 meter til strandkant ca.:



Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg. 7B
5059 Bergen
vidar-mj@online.no
tlf 55 59 82 62
mob 907 88 921

Fra: Tor Hegle [<mailto:Tor.Hegle@lindas.kommune.no>]
Sendt: 11. mai 2015 16:08
Til: Vidar Mjøs
Kopi: Arnold Matre; Christian H. Reinshol; gunnar.syslak@gmail.com
Emne: Veråsvegen 131, gnr 108 bnr. 25 mfl. Sak 15/1605.

Hei.

Eg viser til din epost til oss av 21.04.2015., der det kjem fram at ein ynskjer å bygge ut eigedomane gbnr. 108/25, 35 og 489.

Eg forstår førespurnaden som at ein ynskjer utvikling av tomtene utan å regulere.

- Eigedomane gbnr. 108/25, 35 og 489, ligg i dag i uregulert område.
- Etter gjeldande kommuneplan ligg eigedomane i eit område som er sett av til bustadføre mål.
- Det har vore gjennomført oppstartmøte for regulering, den 12.03.2013. Det er ikkje kunngjort oppstart for reguleringsarbeidet.
- Eigedomane ligg innanfor 100m-beltet til sjø (jfr Pbl§1-8.)

Byggesak- og planavdelinga har saman gjort ei vurdering av førespurnaden.

- Etter gjeldande kommuneplan er vidare byggeutvikling av dei aktuelle eigedomane bunden av eit plankrav.
- Kommunen kan ikkje i denne omgangen gjere ei vurdering korleis ein eventuell søknad om dispensasjon vil bli handsama.
- Administrasjonen er bunden av dei føringar som kommunestyret har gitt i gjeldande kommuneplan. Utanom dette ligg eigedomane nærare sjø enn 100m. I 100m-beltet mot sjø har Fylkesmann vore restriktiv mot utbygging. Med dette meinast at ein i utgangspunktet vil vere negativ i behandling av ein eventuell dispensasjonssøknad.
- Eg reknar med at den beste løysinga for vegstyresmaktene vil vere å løyse utviklinga på staden gjennom ein eigen reguleringsplan.

På bakgrunn av det som kjem fram vil vi tilrå utbygger å føre reguleringsarbeidet vidare. Ta gjerne kontakt med planavdelinga om dette.

Eg kan ikkje sjå at eit drøftingsmøte vil føre til anna vurdering frå kommunen på den staden ein no er i prosessen.



Med helsing
Tor Hegle, Avdelingsleiar Byggesak, Lindås kommune.

Vurdér verknaden for miljøet før utskrift. Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet. E-post jobb: postmottak@lindas.kommune.no. Postadresse: Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø. Møteadresse: Lindås Rådhus, Kvernhusmyrane 41. Tel. + 47 56375642. Mob.: + 47 95968182.
